

40 spreke klatrarar i aktivitet i klatreveggen.

15.09.2013



Det krydde av ivrige klatrarar i klatreveggen i ettermiddag.

Søndag ettermiddag var første opningsdag for sesongen i klatreveggen i Aktivitetshuset. Det var det mange som sette pris på. Men så er det ein flott aktivitet både for store og små og!! I tillegg var regnet utanfor svært så passande for denne innandørsaktiviteten.

Då eg var innom ved halv fem-tida talde eg til 38 små og store som var i aktivitet. Stemningen var på topp, og det understreka at dette er ein flott familieaktivitet ein søndag ettermiddag. Både mødre og fedre prøvde å komme seg til topps side om side med den yngre garde. Med så mange frammøtte kom det og godt med at mange foreldre har fått kyndig rettleiing til å ta del i sikringsarbeidet.



Thomas F. Eide gjev gode og hjelpsomme råd til Anna Framnes Thoresen.

Sjølvsgagt vart det litt ventetid i vegg. Men dei lærer av det og. Det går fint å stå i kø når ein gjer det for å få oppleve noko kjekt. I tillegg var det nokon som korta ventetida med andre aktivitetar, og med å prata saman. Fleire understreka det gode miljøet som klatreaktiviteten førte med seg. Hovudtyngda av klatrarane var uskedelingar, men det var og kjekt å registrere at det var eit solid innslag frå nokre av nabobygdene.

No er aktiviteten i gong for sesongen og leiar Thomas F. Eide som naturleg nok var travelt oppteken, kunne fortelje at no vert det klatring i Aktivitethuset frå kl.16 til kl.18 om søndagane framover.



Snart 6 år gamle Elena Jensen Eide imponerte med å fara til topps lett som ein katt!!

Av: Thor Inge Døsland.